



Arkivnr: 2015/8849-137

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Bakgrunn for saka:

Selskapskontrollrapport innan selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget 14.12.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

1. På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:
 - a. Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdige dokumentasjon ikkje går tapt.
 - b. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

11. På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Sunnhordland Lufthavn AS** syta for å:
 - a. Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten
 - b. Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Tidlegare oppfølging:

Denne saka har vore følgd opp ved fire tidlegare høve, 15.06.2017, 12.09.17, 18.12.17 og 12.03.2018. Ved desse oppfølgingane har kontrollutvalet gjort seg ferdig med alle selskapa som var omfatta av selskapskontrollen. Det er no berre oppfølginga i høve nr. 1 Fylkesrådmannen som ikkje er ferdig.

For nr 1. Fylkesrådmannen vart det 12.03.2018 gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet meiner at det ikkje er tilfredstillande at fylkesrådmannen ikkje har svart på oppfølginga innan den fastsette fristen.*
2. *Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 Fylkesrådmannen** seinast innan 16.04.17.*

På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over handsama kontrollutvalet ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen i møte 07.05.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

*Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet for punkt 1 b) for selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 b Fylkesrådmannen** seinast innan 06.08.18.*

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen i møte 27.08.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om ny tilbakemelding på status i høve punkt 1 b) etter selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap innan 01.10.2018.»

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen i møte 19.11.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet meiner at det ikkje er tilfredsstillande at oppfølging etter selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap ikkje er ferdig gjennomført snart 2 år etter at saka vart handsama i fylkestinget.*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om ny tilbakemelding på status i høve punkt 1 b), seinast innan 01.12.2018.*

Drøfting:

Vi har på bakgrunn av vedtaket over motteke tilbakemelding frå **fylkesrådmannen** dagsett 29.11.2018. Tilbakemeldinga ligg ved.

Sekretariatet har merka seg at fylkesrådmannen i hovudsak har fått gjennomført forbetringstiltaka i samband med selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vera nøgd med det arbeidet som er gjort og seie seg ferdig med saka.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå **fylkesrådmannen** når det gjeld selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Pkt 1b